



KVINNHERAD
K O M M U N E

ARBEIDSGJEVARSTRATEGI 2023–2030

For tilsette i Kvinnherad kommune

Fellesskap og trivsel - utvikling og vekst

VISJON

Saman om utvikling og gode tenester



MÅL

Arbeidsgjevarstrategien fremjar utvikling og måloppnåing, arbeidsmiljø og trivnad.

Kvinnherad kommune skal vera ein grøn, frisk og attraktiv arbeidsgjevar.

Kvinnherad kommune arbeidar aktivt for å behalda og tiltrekka seg fleire kompetente fagfolk for å vera rusta for dei komande omstillingane i samfunnet.

VERDIAR

Kommunen har fire verdier som skal vera styrande for utøving av arbeidet i kommunen

Respekt

Evne og vilje til å sjå og forhalda seg til andre

Omsorg

Evne og vilje til å sjå andre tilsette, brukarar og innbyggjarar

Tydeleg

Evne og vilje til å formidla, gje tilbakemelding og klargjera forventingar og synspunkt til tilsette, brukarar og innbyggjarar slik at det er lett å forstå

Ærleg

Å formidla rett informasjon. Å halda seg til kjernen i bodskapet



SAMFUNNSOPPDRAG

Saman skapar vi ein nytenkande, trygg og berekraftig kommune gjennom:

- Gode tenester
- Å vera ein aktiv samfunnsutviklar
- Eit levande lokaldemokrati
- Aktiv forvalting av lover og reglar
- Miljøvenleg drift og løysingar som er framtidsretta
- Å ha tenestemottakaren i fokus, og nytta medarbeidar- og brukarundersøking i tenesteutvikling



LEIARAR

- Gjev tydelege mål og følgjer opp medarbeidarane
- Legg til rette for å skapa attraktive og sterke fagmiljø
- Legg til rette for fagleg utvikling
- Løyser samfunnsoppdraga
- Er fleksible og legg tilhøva til rette for medarbeidarane og fremjar inkluderande prosessar
- Er opptekne av samfunnsutvikling og heilskap
- Tek ansvar for utviklinga i eiga eining og medverkar til utvikling i andre einingar
- Har evne til nytenking, omstilling og oppgåveløysing i samarbeid med andre
- Legg til rette for eit godt arbeidsmiljø

MEDARBEIDARAR

- Har medverknad, skaffar seg nødvendig kompetanse og tek ansvar
- Løyser samfunnsoppdraga
- Legg vekt på open kommunikasjon og er serviceinnstilte
- Held seg fagleg oppdatert og deltek i tenesteutvikling
- Er fleksible og tilpassingsdyktige
- Tek ansvar for eige jobbnærver

ARBEIDSGJEVARPOLITIKKEN

Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdifundament for folkevalde, leiarar, medarbeidarar, vernetenesta og tillitsvalde.

Kvinnherad kommune sin arbeidsgjevarpolitikk handlar om å skapa tillit og utvikla gode relasjonar mellom:

- Leiar og medarbeidar/tillitsvald/vernetenesta
- Medarbeidar og innbyggjar/brukar/partnar
- Arbeidsgjevar og arbeidsmarknad



STRATEGI

Rekruttera:

Vi arbeidar aktivt for å rekruttera og behalda medarbeidarar med fagleg- og realkompetanse. Nye tilsette skal takast i mot slik at dei kjenner seg velkomne i organisasjonen.

Etikk:

Vi skal vera opne og ærlege. Vi har fokus på fagleg kvalitet og nytenking. Vi viser mot og omsorg i møte med menneske.

Kompetanse:

Vi er ein lærande organisasjon og byggjer sterke og spanande fagmiljø. Medarbeidarar får høve til å ta fagbrev, etter- og vidareutdanning, jf. strategi- og kompetanseplanen. Vi tilbyr læreplassar etter politiske føringar.

Heiltidskultur:

Alle stillingar blir utlyst i 100%. Heiltidskultur gjev høgare kvalitet i tenestene våre og stillingar som medarbeidarar kan leva av. Søkjarar og medarbeidarar med varig redusert arbeidsevne blir rekna som heiltidsarbeidande ut frå den enkelte si funksjonsevne, jf. arbeidsmiljølova kap. 13. Deltidsstillingar skal diskuterast med tillitsvalde og grunngevast før utlysing.

Partssamarbeid:

Arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta har rett og plikt til å gjera sitt beste for å skapa eit godt samarbeid i heile kommunen og i den einskilde eininga, jf. HTA del B. Partane har eit felles ansvar for gode tenester og gode arbeidsforhold.

Arbeidsmiljø:

Arbeidsmiljøet i Kvinnherad kommune har fokus på nærvær, meistring, variasjon, humor og glede.